

Julemøtet på Smiths møte og selskapslokaler vart halde den 10. Desember klokka 20.00

Vi var tilsaman 37 personar med gjestane.

Vi var så heldig å ha med oss Jarle Helland , leiar i Hordaland bonde og småbrukarlag denne kvelden. Jarle snakka m.a om beiteutvalget, overproduksjon og økonomi og RMP.

I 2020 vert Sogn og Fjordane og Hordaland eit fylke.

Frå 2019 vert Christian Rekkedal ny landbruksdirektør i Hordaland.

Tre program

Næringsprogram

Program for investeringsmidler viser at dei har 38 millioner til investering i Hordaland og 50 millioner i sogn og fjordane.

I 2019 vil det ikkje verte gitt støtte til investering på sau er det sagt sentralt.

Jarle meinte dette var uheldig og at ein bør hjelpe ungdommar igang.

Klimaprogram

RMP 25 millionar i Hordaland er øyremerkta til brattlendte bruk.

Organisert beitebruk er ikkje med vidare. Beiting i nasjonalpark får fortsatt.

Dette fører til at berre ein liten del av dei som har sau på beite får midler. Tilskudd til steingarder og bakkemurar er vekke . Brattlendt fulldyrka 1:5 får fra 1.dekar.

Brattlendt innmarksbeite får ikkje i Hordaland , Rogaland har det med . Beiting av lyng og sviing av lyng får tilskudd.

Nye RMP dårlegare for sauefolket. (Ein kunne tatt inn mykje med brattlendt innmark). Av 25000 dekar på Radøy er 11000 dekar innmarksbeite.

Programmet vert det samme i begge fylka (Hordaland og Sogn og Fjordane) Satsane vert bestemt i Januar.

Dei som får driftstilskudd til organisert beitebruk er m.a

Folgefonnhalvøya, Hardangervidda, og Stølsheimen mot Vik.

Dette programmet varer i 4 år.

Overproduksjon Sau -lam

Det er ikkje overproduksjon på lam . Det er eit omsetjingsproblem på sau. Vi gjekk denne gangen inn i jordbruksforhandlingane med dårlege kort på handa.

Det har vore ein auke i salget av lam i 2018, og det er no 400 tonn på lager. Hausten 2019 kan ein få underskudd på lam . Det er 1200 tonn med sau på

lager. Omsetjingsavgifta er på 4 kr .Den går m.a til reklame og fryse-
fradrag.Fryselageret er negativt. Ein kan lett komme inn i ein ond sirkel.
Prisen vert halde kunstig nede .Det er ikkje slakteria sin feil at det vert slik.
Det er marked for fleire lam , men det er ikkje marked for all sauene.

- 1.Mindre påsett, sauene må bli eldre ,6-7 år. Avlsframgangen talar mot dette.Sjå på mordyra om hausten . Større andel av slaktet vert lam.
2. Fleire lam pr.sau .Mange meiner det er nok og mange meiner det kunne vore mindre.
3. Kvote (vert feil når vi har kun 7% av kjøttmarkedet.)

Vi har miljø som brukar mykje sau . Gilde har laga produkt av sau .(Men vil butikkane ta inn dette , vanskelig) Kan ein bytte ein ung sau istaden for lam på returen ein ønsker.Ein må skape etterspurnad.

Økonomi

Nedgang i innteketene på 51800.Årsverksinntekt 130000.110 sau er eit årsverk.Skuldest overproduksjon.Dårlege avlingar og omsetjingsavgift.
Jarle trur botnen er nådd.Ein må vere bevisst på prisnivå.

Sone 5b 70kr i tillegg på arealet.Ein må håpe på at omsetjingsavgifta går ned .Ein må kjempe like mykje for innmarksbeite som for fulldyrka.

Auka grovfortilskot.

Trenden med meir kraftfor må ein vere forsiktige med . Dette er den mest robuste næringa. Ein må styre den i rett retning.1-11/2 kg kraftfor pr kg kjøtt ein produserer.Vere med å selge det landskapet vi ser.Halde landskapet ved like.Bonde og småbrukar laget har ikkje skrive under avtalen i jordbruksforhandlingane på fleire år. Pyramidemodellen på melk fekk dei til å skrive under denne gangen.

Det er eit ønske at sauebøndene får samme inntektsauke som resten av bøndene.Vi må passe oss for meir overproduksjon.

Grillaksjonen til Norsk sau og geit var veldig positiv. Slik situasjonen var i den tida Tjernobylulykka fant stad var verre enn no.

Spør etter sauekjøtt, lammekjøtt . I butikkane har mange stader lammekjøtt 60cm hylleplass, og det er 2 produkter.

Neste år importerer det 600 tonn frå Island . Gammel avtale.Det er 5000 lam , nesten like mykje som vi produserer i Hordaland. Me som kan lammekjøtt må få igang etterspurnaden var den klare oppfordringa frå Jarle .

Deretter spiste vi julemiddag som bl.anna bestod av pinnekjøtt.

Så fulgte det premieutdeling etter kåringsstjålet på Austrheim.

Tislutt avslutta vi med ei loddtrekning blandt alle dei frammøtte.

